JD

JUSTIS- OG POLITIDEPARTEMENTET

Høyringsnotat

Lovavdelinga
April 2010
Snr. 201002549

VARSEL OM TVANGSOPPLØYSING ETTER AKSJELOVA §§ 16-16 OG 16-17 MV.

1 Innleiing

I dette høyringsnotatet foreslår Justisdepartementet ei endring av varslingsregelen i lov 13. juni 1997 nr. 44 om aksjeselskaper § 16-16 første ledd. Varslingsregelen i § 16-16 gjeld i saker om tvangsoppløysing av aksjeselskap etter aksjelova § 16-15. Endringsforslaget gjeld Brønnøysundregistra si plikt til å sende varsel til eit selskap som står i fare for å bli oppløyst. Justisdepartementet foreslår òg ei presisering av kva som er avgjerande for at tingretten skal ha kompetanse til å handsame ei sak om oppløysing, jf. aksjelova § 16-17.

Bakgrunnen for lovforslaget er at Høgsteretts ankeutval i ein orskurd 30. mars 2009 (Rt. 2009 side 414) kom til at varsel etter aksjelova § 16-16 første ledd må vere *kome fram* til selskapet. Framlegget i høyringsnotatet går ut på at det skal vere tilstrekkeleg at varsel er sendt. Tingrettens kompetanse til å handsama ei sak om tvangsoppløysing skal vere knytt til om det har skjedd ei kunngjering etter § 16-16 andre ledd.

Justisdepartementet foreslår også endringar i dei liknande føresegnene i lov 13. juni 1997 nr. 45 om allmennaksjeselskaper, lov 6. juni 2003 nr. 38 om bustadbyggjelag og lov 29. juni 2007 nr. 81 om samvirkeforetak, sjå punkt 4.

Justisdepartementet gjer dessutan framlegg om retting av nokre inkuriar i aksjelova og allmennaksjelova, sjå framlegga om endring av aksjelova og allmennaksjelova § 1-5, § 5-19, kapitteloverskrifta til aksjelova kapittel 11, aksjelova §§ 13-6 og 13-18 og allmennaksjelova § 8-10 med merknader.

2 Gjeldande rett

2.1 Kort om gangen i ei sak om oppløysing av aksjeselskap

Aksjelova kapittel 16 gir reglar om oppløysing av aksjeselskap. Oppløysing kan skje etter vedtak av generalforsamlinga, jf. §§ 16-1 flg., etter orskurd frå tingretten etter §§ 16-15 flg., eller ved dom etter krav frå ein aksjeeigar, jf. § 16-19. Det er prosedyrane i samband med oppløysing etter orskurd frå tingretten etter §§ 16-15 flg. som er emnet i dette høyringsnotatet. Høyringsnotatet omhandlar ikkje reglane om oppløysing etter vedtak av generalforsamlinga eller ved dom etter krav frå en aksjeeigar.

§ 16-15 stiller opp vilkåra for oppløysing etter orskurd frå tingretten:

"**§ 16-15.** *Oppløsning etter kjennelse fra tingretten*

(1) Hvis ikke generalforsamlingen treffer beslutning om oppløsning, skal tingretten ved kjennelse beslutte selskapet oppløst i følgende tilfeller:

1. når selskapet skal oppløses som følge av bestemmelse i lov eller vedtekter;

2. når selskapet ikke har meldt til Foretaksregisteret et styre som fyller de vilkår som følger av bestemmelsene gitt i eller i medhold av lov;

3. når selskapet etter loven skal ha daglig leder, og ikke har meldt til Foretaksregisteret en daglig leder som fyller de vilkår som er fastsatt i lov;

4. når selskapet ikke har meldt til Foretaksregisteret en revisor som fyller de vilkår som er fastsatt i lov;

5. når årsregnskap, årsberetning og revisjonsberetningen som selskapet skal sende til Regnskapsregisteret etter regnskapsloven § 8-2, ikke er innsendt innen seks måneder etter fristen for slik innsendelse, eller når Regnskapsregisteret ved fristens utløp ikke kan godkjenne innsendt materiale som årsregnskap, årsberetning og revisjonsberetning."

§ 16-16 gir reglar om sakshandsaminga ved oppløysing etter § 16-15.

§ 16-16 første og andre ledd lyder:

"(1) Når vilkårene i § 16-15 første ledd nr 1 til 4 er oppfylt, skal Foretaksregisteret gi selskapet varsel om dette. I tilfelle som nevnt i § 16-15 første ledd nr 5 gis varsel av Regnskapsregisteret. Selskapet skal gis en frist på en måned til å bringe forholdet i orden og underrettes om følgene av at fristen oversittes.

(2) Har selskapet ikke brakt forholdet i orden ved fristens utløp, skal Foretaksregisteret eller Regnskapsregisteret gjenta varselet ved kunngjøring i Brønnøysundregistrenes elektroniske kunngjøringspublikasjon og i kortform i en avis som er alminnelig lest på selskapets forretningssted. I kunngjøringen skal det angis at vilkårene for oppløsning av selskapet er oppfylt, og at selskapet har en frist

på fire uker fra den elektroniske kunngjøringen til å bringe forholdet i orden. Følgene av at fristen oversittes skal også angis."

Lova legg med dette opp til at selskapet skal få to varsel om tvangsoppløysing. Det første varselet skal rettast direkte til selskapet, jf. § 16-16 første ledd. Varselet blir sendt av Føretaksregisteret, eventuelt av Rekneskapsregisteret.

Varselet skal gi selskapet frist på ein månad til å rette opp i forholdet. § 16-16 andre ledd regulerer kva som skjer dersom selskapet ikkje rettar forholdet innan fristen: Føretaksregisteret eller Rekneskapsregisteret skal i så fall gjenta varselet ved kunngjering i Brønnøysundregistra sin elektroniske kunngjeringspublikasjon og i kortform i ein avis som er alminnelig lese på forretningsstaden for selskapet. Det skal gå fram av kunngjeringa at vilkåra for oppløysing av selskapet er oppfylte, og at selskapet har ein frist på fire veker rekna frå den elektroniske kunngjeringa til å rette opp i forholdet. Kunngjeringa skal også oppgi konsekvensane av å oversitte fristen.

§ 16-17 gir reglar om handsaminga i tingretten av oppløysingssaka. Første ledd lyder:

"Har selskapet oversittet fristen etter § 16-16 annet ledd, skal Foretaksregisteret eller Regnskapsregisteret varsle tingretten om dette."

Etter at tingretten er varsla, skal retten ved orskurd og utan ytterlegare varsel til selskapet treffe avgjerd om oppløysing av selskapet. Tingretten skal ikkje prøve om oppløysingsgrunnane ligg føre. Orskurden har verknad som konkursopning, og etter § 16-18 skal selskapet etter dette avviklast i samsvar med konkurslova og dekningslova. Dersom oppløysingsgrunnen ikkje lenger er til stades, kan boet bli levert tilbake til selskapet etter konkurslova § 136.

2.2 Nærare om varslingsplikta

Den noverande regelen om varsel i § 16-16 kom inn i lova i samband med vedtakinga av aksjelova 1997. Aksjelova 1976 § 13-4 hadde eit krav om at skifteretten skulle varsle selskapet, men skifteretten kunne bestemme at varsel i staden skulle skje ved kunngjering etter § 13-8.

I høyringsrunden ved førebuinga av aksjelovene 1997 ble det hevda at ordninga med at skifterettane skal varsle selskapa, var tids- og arbeidskrevjande, og at ein burde finne ei anna arbeidsfordeling mellom Brønnøysundregistra og skifterettane, jf. Ot.prp. nr. 36 (1993-94) punkt 1.3 s. 141. Brønnøysundregistra viste til behovet for enkle og praktikable reglar. Dette synet følgde departementet opp. Dessutan uttalte departementet:

"Selv om reglene også må ivareta rettssikkerhetshensyn, er departementet kommet til at det bør foretas en del justeringer av dagens regler med sikte på å gjøre dem enklere."

Etter dette foreslo departementet for det første at Brønnøysundregistra – i motsetnad til skifteretten – skulle varsle selskapet. For det andre la departementet opp til eit system med varsling i to omgonger der det skulle gis eit varsel direkte til selskapet og – om nødvendig – ei kunngjering, op.cit. s. 141-142:

"Det er også nytt i forslaget at varselet skal skje ved direkte henvendelse til selskapet. Etter gjeldende lov kan skifteretten i stedet velge å la varselet skje ved kunngjøring i Norsk lysingsblad m v. Denne endringen har sammenheng med at departementet foreslår innført et toleddet system: Først sendes varsel direkte til selskapet, og deretter gjentas varselet om nødvendig i form av offentlig kunngjøring, jf nedenfor. Fordelen med en slik toleddet ordning er blant annet at selskapet i første omgang får mulighet til å ordne opp i sine forsømmelser uten at det skapes unødig publisitet omkring forholdet.

I varselet får selskapet en frist til å bringe forholdet i orden, og opplysning om følgene av at fristen oversittes. Tatt i betraktning viktigheten av de avgjørelser det er tale om å treffe, bør ikke fristen være for kort. Departementet mener at den passende kan settes til en måned.

Dersom selskapet ikke bringer forholdet i orden i løpet av fristen, gjentar Brønnøysundregistrene varselet i form av en offentlig kunngjøring i Norsk lysingsblad og en alminnelig lest avis på selskapets forretningssted. Kunngjøringen må i tilfelle, som det første varselet, inneholde opplysning om at vilkårene for tvangsoppløsning foreligger, samtidig som selskapet gis en ny frist til å bringe forholdet i orden. Denne fristen bør etter departementets syn være noe kortere enn den første fristen. Departementet foreslår en frist på to uker. I tillegg må kunngjøringen inneholde opplysning om følgene av at fristen oversittes (...).

Dersom selskapet heller ikke ved utløpet av denne fristen har brakt forholdet i orden, oversender Brønnøysundregistrene saken til skifteretten, som avsier kjennelse om oppløsning dersom vilkårene er til stede. I samsvar med Oslo skifteretts forslag, går departementet inn for at det på dette stadium ikke skal være nødvendig med ytterligere varsler, innkallinger til rettsmøte m v. Selskapet har tidligere mottatt to varsler, og har hatt relativt god tid til å rette på forholdet. Behovet for å gi selskapet enda en mulighet til å unngå oppløsning, synes derfor å være lite. Som en følge av departementets forslag om at vilkårene for oppløsning skal kunne bedømmes ut fra de meldinger selskapet har gitt til Brønnøysundregistrene, er det heller ikke noe stort behov for å innkalle til rettsmøte i forbindelse med avsigelsen av oppløsningskjennelsen. Behandlingen ved skifterettene vil på denne måten kunne foregå meget summarisk, noe som etter departementets syn er en fordel."

§ 16-16 første ledd krev som nemnt at Føretaksregisteret eller Rekneskapsregisteret skal "gi selskapet varsel". Det nærare innhaldet i dette kravet tek ikkje lova eller forarbeida direkte stilling til.

Spørsmålet er om det er eit krav at varselet etter § 16-16 første ledd er kome fram til selskapet, eller om det er tilstrekkeleg at varselet er sendt. Eit varsel kan kome bort i posten, selskapet kan ha fått ein ny forretningsstad utan at adresseendringa er meldt til Brønnøysundregistra, eller det kan skje ein feil i systemet Brønnøysundregistra har for å sende ut post. Selskapet kan òg uriktig hevde at det ikkje har motteke varselet. Grunnen til at varselet ikkje er kome fram, eller til at ein ikkje kan godtgjere at det er kome fram, kan dermed liggje både hos selskapet og hos andre.

I ein orskurd 30. mars 2009 (Rt. 2009 side 414) tok Høgsteretts ankeutval stilling til spørsmålet om det er eit vilkår for tvangsoppløysing at varsel etter § 16-16 første ledd er kome fram til adressaten, eller om det er tilstrekkeleg at varselet er sendt til rett adresse. Selskapet i saka hevda at det ikkje hadde motteke varselet.

Selskapet nekta ikkje for at varselet var kunngjort etter § 16-16 andre ledd, men hevda at det ikkje hadde oppdaga kunngjeringa. Lagmannsretten hadde – med særleg tilvising til forarbeida og føremålet med endringa av varslingsreglane – kome til at varslingsplikta var oppfylt.

Høgsteretts ankeutval tok utgangspunkt i at ordlyden i § 16-16 første ledd ikkje løyser spørsmålet, og at det heller ikkje er sagt noko uttrykkeleg i lovforarbeida. Ankeutvalet var einig i at føremålet med lovendringa støtta opp om det resultatet lagmannsretten var kome til, men kom likevel til motsett konklusjon av lagmannsretten. I orskurdens premiss 16-18 uttaler ankeutvalet:

"(16) (...) De aktuelle hensyn kan imidlertid ikke trekkes for langt. Forenklingen lå først og fremst i at varslingen skulle håndteres av Foretaksregisteret, som ville ha bedre muligheter enn skifterettene til en automatisering av varslene.

(17) Innføringen av en toleddet prosess hadde dessuten en side til rettssikkerhetsgarantier, og det er i proposisjonen side 141 fremhevet at fristen som gis ved det første varselet, ikke bør være for kort da det er tale om viktige avgjørelser. I praksis vil det være mange selskaper som ikke følger med på kunngjøringer. Det er videre ikke helt uvanlig at årsaken til at et varsel ikke er mottatt av adressaten, skyldes feil som adressaten ikke kan klandres for, som feil begått av postverket. Den fremste rettsikkerhetsgarantien vil derfor ligge i et krav om at selskapet har mottatt varselet.

(18) Utvalget har funnet tolkningen av § 16-16 tvilsom, men mener at rettssikkerhetshensyn bør tillegges avgjørende vekt. § 16-16 må etter dette forstås slik at varselet må være kommet frem til adressaten. Lagmannsretten har lagt til grunn feil lovforståelse, og lagmannsrettens kjennelse må oppheves."

Det må etter dette leggjast til grunn at det etter gjeldande rett er eit krav at varsel er kome fram til selskapet. Det vil ikkje vere nok at Brønnøysundregistra kan godtgjere at varsel etter § 16-16 første ledd er sendt, og at det deretter er kunngjort etter § 16-16 andre ledd.

3 Forslaget om lovendring

Ei avgjerd om å oppløyse og avvikle eit selskap er inngripande. Det vil ha stor verknad for selskapet, og kan også ha stor verknad for personar med interesser i selskapet. Tingretten treffer avgjerd om oppløysing utan ytterlegare prøving av grunnlaget for oppløysinga. Dette gjer varslings- og kunngjeringsreglane viktige.

Høgsteretts ankeutval har som nemnt lagt til grunn at ein skal forstå lova slik at varselet etter § 16-16 første ledd må kome fram til selskapet. Eit slikt krav reiser ein del praktiske problem.

For å kunne godtgjere at varselet er kome fram har Brønnøysundregistra i praksis ikkje anna moglegheit enn å sende varsel som rekommandert brev. Ifølgje Brønnøysundregistra sender registra ut i underkant av 15 000 varsel etter § 16-16 første ledd årleg. Det vil vere både kostbart og tidkrevjande å varsle ved rekommandert post. Ifølgje Brønnøysunderegistra må også handsaminga av rekommanderte sendingar i stor grad skje manuelt. Det er dessutan lite i samsvar med utviklinga mot eit moderne (delvis automatisert) registreringssystem å krevje varsel ved rekommandert brev. Justisdepartementet viser her til arbeidet over fleire år med sikte på auka elektronisk kommunikasjon mellom registra og brukarane, elektroniske oppslag mot ulike register, abonnementsordningar m.m.

Nokre av selskapa det er aktuelt å varsle, er ikkje registrert med riktig adresse, og ein kan dermed heller ikkje nå dei ved rekommandert brev.

At varsel etter § 16-16 første ledd må skje ved rekommandert brev, inneber òg at det blir mogleg for useriøse selskap å trenere saker om tvangsoppløysing. Eit selskap som veit at det står i fare for å bli tvangsoppløyst, kan hindre dette ved å la vere å hente ut rekommanderte brev. Oppløysingsprosessen kan i praksis stanse opp i dei sakene der det er størst behov for oppløysing av selskapet. Tvangsoppløysing etter aksjelova

§§ 16-15 flg. er ein sanksjon mot pliktbrot frå selskapet si side. Sanksjonselementet blir lite effektivt dersom selskapet enkelt kan trenere oppløysingsprosessen. Dersom slike selskap får drive vidare til tross for at det er grunnlag for å oppløyse dei etter §§ 16-15 flg., kan det svekke tilliten til aksjeselskapsforma.

Det kan hevdast at ei løysing der ein må kunne godtgjere at varselet er kome fram til selskapet for at prosessen skal kunne gå vidare, ikkje harmonerer godt med kunngjeringssystemet, jf. § 16-16 andre ledd. Dersom Brønnøysundregistra kan godtgjere at varselet er kome fram til selskapet, vil ikkje kunngjeringa ha noko praktisk å seie for selskapet. Selskapet vil jo da allereie vere kjent med at prosessen med oppløysing er i gang. Ei kunngjering vil dermed berre ha noko å seie for utanforståande. Men dette har nok ikkje vore føremålet med kunngjeringsordninga. Kravet om kunngjering synest å vere innretta mot at det er selskapet som skal varslast. I samband med dette kan det visast til at også etter kunngjeringa etter § 16-16 andre ledd får ein ei frist på å rette forholdet som er grunnlaget for saka om tvangsoppløysing.

Kunngjeringssystemet kan også vere den einaste moglegheita Brønnøysundregistra har for å nå selskapet om selskapet ikkje har registrert rett adresse.

Ankeutvalet har i orskurden lagt til grunn at mange selskap i praksis ikkje følgjer med på kunngjeringar. Departementet er einig i at dette nok er tilfellet, og det er eit spørsmål om kva for verknad dette bør ha for utforminga av varslingsreglane.

Kunngjeringssystemet er modernisert dei siste åra. Det er enkelt å slå opp i registra, anten ved å søkje på organisasjonsnummer eller namn. Ettersom ei kunngjering etter § 16-16 andre ledd skal gi ein frist på fire veker før saka blir sendt til tingretten, ligg det vel til rette for at selskapet kan gjere seg kjent med dei kunngjeringane som gjeld selskapet sjølve, og rette opp dei forholda kunngjeringa gjeld. Brønnøysundregistra tilbyr òg abonnementsordningar. Den som abonnerer på nyheiter om bestemte føretak, vil få varsel frå registra kvar gong det er kunngjort noko om det føretaket. Eit føretak kan òg abonnere på nyheiter om seg sjølve. Per i dag er kostnaden ved eit årsabonnement 150 kr i grunnbeløp, og dernest 0,50 kr per selskap. For eit selskap som berre abonnerer på kunngjeringar om seg sjølve, er det dermed tale om ein beskjeden sum.

I denne samanhengen vil Justisdepartementet også peike på at selskapa normalt må reknast som profesjonelle partar.

Det er dessutan eit poeng at oppløysingsgrunnane etter § 16-15 normalt ligg innafor selskapa sin kunnskaps- og kontrollsfære. Varselet og kunngjeringa gjeld forhold som ein må kunne vente at selskapa har kjennskap til frå før. At selskapet ikkje har sendt inn årsrekneskap, er til dømes eit omstende selskapet er kjent med sjølve.

Justisdepartementet foreslår på bakgrunn av dette ei endring av aksjelova § 16-16 første ledd. Forslaget går ut på å presisere at varselet skal sendast til selskapet. Ved å endre orda "gi selskapet varsel" til "sende selskapet varsel" blir det klart at det ikkje er eit krav etter denne føresegna at varselet må kome fram til selskapet.

Ei slik endring av § 16-16 første ledd inneber at Brønnøysundregistra framleis skal ha ei plikt til å sende varsel til selskapet. Men departementet foreslår samstundes ei presisering i aksjelova § 16-17 første ledd, slik at det går klart fram av denne føresegna at det avgjerande for tingretten sin kompetanse til å oppløyse selskapet er om varselet er kunngjort etter § 16-16 andre ledd, og at selskapet ikkje har retta forholdet innan fristen som er sett i kunngjeringa. At varsel er sendt etter § 16-16 første ledd, er dermed ikkje avgjerande for tingretten sin kompetanse. Dette synest også å samsvare med ordlyden i noverande § 16-17 første ledd, men det kan vere hensiktsmessig at dette går klart fram av lova. Med ein slik regel unngår ein at ein får opp påstandar om at Føretaksregisteret eller Rekneskapsregisteret ikkje har sendt varsel etter § 16-16 første ledd. At varsel er sendt, kan vere vanskeleg å dokumentere.

På bakgrunn av framlegget om at det ikkje skal vere eit krav at varselet er kome fram til selskapet, har Justisdepartementet vurdert om ein av omsyn til selskapet bør fastsetje i § 16-16 første ledd at Brønnøysundregistra skal sende to varsel til selskapet, eventuelt eit varsel til selskapet med gjenpart til styreleiaren eller ein annan i selskapet. Dette vil redusere risikoen for at varselet kjem bort i posten. På den andre sida er departementet i tvil om det eigentleg er eit praktisk problem at varsel kjem bort i posten. Det vil vere uheldig å påleggje ein slik omstendeleg prosedyre om dette i liten grad er eit problem i praksis. Justisdepartementet ber om høyringsinstansane sitt syn på behovet for ein slik regel.

4 Tilsvarande endringar i andre lover

Allmennaksjelova §§ 16-16 og 16-17 er likelydande med føresegnene i aksjelova. Tilsvarande regler finn ein òg i bustadbyggjelagslova §§ 10-15 og 10-16 og samvirkelova §§ 142 og 143. Ifølgje forarbeida til bustadbyggjelagslova og samvirkelova byggjer dei nemnte føresegnene i

desse lovene på føresegnene i aksjelova og allmennaksjelova, jf. Ot.prp. nr. 30 (2002-2003) side 214 og Ot.prp. nr 21 (2006-2007) side 304-305.

Etter Justisdepartementet sitt syn bør føresegnene om varsel og kunngjering vere like i desse lovene. Det er ikkje spesielle omsyn som taler for ei anna regulering enn for aksjeselskap. Departementet foreslår tilsvarande endringar i allmennaksjelova, bustadbyggjelagslova og samvirkelova som i aksjelova §§ 16-16 og 16-17.

5 Økonomiske og administrative konsekvensar

Orskurden frå Høgsteretts ankeutval 30. mars 2009 inneber at ein må leggje om rutinane i Brønnøysundregistra, mellom anna dersom varsel etter § 16-16 første ledd må skje ved rekommandert brev. Oppgåver som i dag er automatiserte, må i staden gjennomførast manuelt. Ei slik omlegging vil auke kostnadene, og dette må ein dekkje inn ved tilskot frå staten eller ved å auke gebyra som brukarane av Brønnøysundregistra må betale. Som det går fram av punkt 3, sender registra ut i underkant av 15 000 varsel etter aksjelova § 16-16 første ledd årleg. Om registra skal sende desse rekommandert, og dessutan ha eit system for å kontrollere at sendingane er nådd fram, vil det ha omfattande konsekvensar for Brønnøysundregistra. Ein må òg rekne med at det må skje ei omlegging av datasystema hos både Brønnøysundregistra og hos tingrettane.

Forslaget om lovendring inneber at Brønnøysundregistra kan halde fram med dei automatiserte rutinane som ein har brukt til no. Ein vil dermed unngå dei utgiftene ordskurden frå Høgsteretts ankeutval elles vil føre til. Forslaget vil dermed føre til sparte utgifter for staten og næringslivet, og vil såleis ha positive konsekvensar både økonomisk og administrativt.

6 Merknader til lovforslaget

6.1 Til endringane i aksjelova

Til § 1-5

Departementet foreslår at tilvisingane til § 1-3 andre ledd i første ledd nr. 5 og andre ledd nr. 3 blir endra slik at tilvisingane gjeld heile § 1-3. I og med at føresegnene ikkje viser til § 1-3 fjerde ledd, er det eit spørsmål om eit dotterdotterselskap er å rekne som nærståande eller personleg nærståande

etter legaldefinisjonane i § 1-5. Endringane er i samsvar med utforminga av føresegnene i Ot.prp. nr. 36 (1993-94) og NOU 1996: 3. At lova blei vedteke slik at § 1-5 berre viser til § 1-3 andre ledd, (jf. lovforslaget i Ot.prp. nr. 23 (1996-97)) er truleg følgje av ein inkurie.

Til § 5-19

Ved lov 15. desember 2006 nr. 88 blei aksjelova § 4-15 tredje ledd og § 4-19 første ledd endra slik at aksjeeigarane har forkjøpsrett etter lova når ein aksje *har* skifta eigar. Før dette var regelen at aksjeeigarane hadde forkjøpsrett etter lova når ein aksje *skal* skifte eigar, sjå Ot.prp. nr. 55 (2005-2006) side 58 flg. om bakgrunnen for endringa. Regelen i § 5-19 andre ledd andre punktum blei ikkje endra i samsvar med dette, men reglane bør vere parallelle på dette punktet. Departementet foreslår å endre § 5-19 andre ledd andre punktum slik at det kjem klart fram at fleirtalskravet etter denne føresegna også gjeld vedtak om at aksjeeigarane skal ha forkjøpsrett når ein aksje har skifta eigar.

Til kapitteloverskrifta til kapittel 11

Etter at aksjelova kapittel 11 ved lovendringa 15. desember 2006 nr. 88 fekk nye reglar om teikningsrettsaksjar og frittståande teikningsrettar (jf. §§ 11-10 til 11-13) er overskrifta til kapittel 11 no ikkje dekkjande. Forslaget går ut på å rette opp dette.

Til § 13-6

Ved lovendringa 15. desember 2006 nr. 88 fekk aksjelova kapittel 11 nye reglar om teikningsrettsaksjar og frittståande teikningsrettar (jf. §§ 11-10 til 11-13). Endringa går ut på å justere tilvisingane i § 13-6 nr. 5 i samsvar med dette.

Til § 13-18

Ved lovendringa 15. desember 2006 nr. 88 fekk aksjelova kapittel 11 nye reglar om teikningsrettsaksjar og frittståande teikningsrettar (jf. §§ 11-10 til 11-13). Endringa går ut på å justere tilvisingane i § 13-18 første ledd i samsvar med dette.

Til § 16-16

Etter *første ledd første punktum* skal Føretaksregisteret sende varsel til selskapet om tilhøve som etter § 16-15 kan gi grunnlag for oppløysing av selskapet. Rekneskapsregisteret skal sende varsel i saker om tilhøve som er

nemnt i § 16-15 første ledd nr. 5, jf. *andre punktum*. Å sende slikt varsel er ei plikt for Føretaksregisteret eller Rekneskapsregisteret, men manglande varsel etter første ledd har ikkje noko å seie for tingretten sin kompetanse til å treffe vedtak om å oppløyse selskapet etter § 16-17, sjå merknadene til denne føresegna.

Til § 16-17

Endringa skal klargjere at det er kunngjeringa etter § 16-16 andre ledd som er avgjerande for tingretten sin kompetanse til å oppløyse selskapet. Tingretten kan oppløyse selskapet også om ein ikkje kan dokumentere at selskapet er varsla etter § 16-16 første ledd.

6.2 Til endringane i allmennaksjelova

Til § 1-5

Endringsforslaget er det same som forslaget om å endre aksjelova § 1-5, sjå merknaden til denne føresegna.

Til § 5-19

På bakgrunn av forslaget om endring av aksjelova § 5-19 foreslår departementet ei tilsvarande endring av allmennaksjelova § 5-19. Sjølv om utgangspunktet etter allmennaksjelova § 4-15 er eit anna enn etter aksjeloven § 4-15, bør fleirtalskravet etter § 5-19 vere det same etter dei to lovene.

Til § 8-10

§ 8-10 ble endra ved lov 15. desember 2006 nr. 88. Endringa gjekk ut på å snevre inn verkeområdet for regelen om kreditt til erverv av aksjar i første ledd. Ved lovendringa fekk dispensasjonsheimelen i *andre ledd* ei utilsikta avgrensing. Etter ordlyden omfattar dispensasjonsheimelen ikkje lenger at morselskapet finansierer dei tilsette i eit dotterselskap sitt erverv av aksjar i morselskapet. Departementet foreslår å rette dette opp ved at "i selskapets morselskap" blir endra til "i selskap i samme konsern".

Til § 16-16

Endringsforslaget er det same som forslaget om å endre aksjelova § 16-16, sjå merknaden til denne føresegna.

Til § 16-17

Endringsforslaget er det same som forslaget om å endre aksjelova § 16-17, sjå merknaden til denne føresegna.

6.3 Til endringene i bustadbyggjelagslova

Til § 10-15

Endringsforslaget er det same som forslaget om å endre aksjelova § 16-16, sjå merknaden til denne føresegna.

Til § 10-16

Endringsforslaget er det same som forslaget om å endre aksjelova § 16-17, sjå merknaden til denne føresegna.

6.4 Til endringane i samvirkelova

Til § 142

Endringsforslaget er det same som forslaget om å endre aksjelova § 16-16, sjå merknaden til denne føresegna.

Til § 143

Endringsforslaget er det same som forslaget om å endre aksjelova § 16-17, sjå merknaden til denne føresegna.

7 Lovforslag

I

Lov 13. juni 1997 nr. 44 om aksjeselskaper blir endra slik:

§ 1-5 første ledd nr. 5 skal lyde:

5. selskap der vedkommende selv eller noen som er nevnt i nr 1 til 4, har slik bestemmende innflytelse som nevnt i § 1-3.

§ 1-5 andre ledd nr. 3 skal lyde:

3. selskap der vedkommende selv eller noen som er nevnt i nr 1 og 2, har slik bestemmende innflytelse som nevnt i § 1-3.

§ 5-19 andre ledd andre punktum skal lyde:

I et selskap hvor aksjene kan skifte eier uhindret av regler om forkjøpsrett etter § 4-15 tredje ledd, gjelder det samme flertallskravet for en beslutning som for utgitte aksjer innebærer at aksjeeierne skal ha rett til å overta en aksje som *har skiftet eller* skal skifte eier (forkjøpsrett).

Overskrifta til kapittel 11 skal lyde:

Kapittel 11. Finansielle instrumenter

§ 13-6 første ledd nr. 5 skal lyde:

5. hvilke rettigheter aksjeeiere med særlige rettigheter og innehavere av tegningsrett som nevnt i *§§* 11-1, *11-10 og 11-12* i det eller de overdragende selskapene skal ha i det overtakende selskapet;

§ 13-18 første ledd skal lyde:

(1) Aksjeeier eller andre som har tegningsrett etter *§§* 11-1, *11-10 eller 11-12* eller andre særlige rettigheter i et overdragende selskap, kan kreve rettighetene innløst av det overdragende eller det overtakende selskapet dersom rettighetene i det overtakende selskapet ikke minst tilsvarer rettighetene vedkommende hadde i det overdragende selskapet.

§ 16-16 første ledd første og andre punktum skal lyde:

Når vilkårene i § 16-15 første ledd nr 1 til 4 er oppfylt, skal Foretaksregisteret *sende* selskapet varsel om dette. I tilfelle som nevnt i § 16-15 første ledd nr 5 *sendes* varsel av Regnskapsregisteret.

§ 16-17 første ledd skal lyde:

(1) *Er varsel til selskapet kunngjort etter § 16-16 annet ledd og selskapet har* oversittet fristen *i kunngjøringen,* skal Foretaksregisteret eller Regnskapsregisteret varsle tingretten om dette.

II

Lov 13. juni 1997 nr. 45 om allmennaksjeselskaper blir endra slik:

§ 1-5 første ledd nr. 5 skal lyde

5. selskap der vedkommende selv eller noen som er nevnt i nr 1 til 4, har slik bestemmende innflytelse som nevnt i § 1-3.

§ 1-5 andre ledd nr. 3 skal lyde:

3. selskap der vedkommende selv eller noen som er nevnt i nr 1 og 2, har slik bestemmende innflytelse som nevnt i § 1-3.

§ 5-19 andre ledd andre punktum skal lyde:

I et selskap hvor aksjene kan skifte eier uhindret av regler om forkjøpsrett etter § 4-15 annet ledd, jf. §§ 4-19 til 4-23, gjelder det samme flertallskravet for en beslutning som for utgitte aksjer innebærer at aksjeeierne skal ha rett til å overta en aksje som *har skiftet eller* skal skifte eier (forkjøpsrett).

§ 8-10 andre ledd skal lyde:

(2) Kongen kan ved forskrift eller enkeltvedtak gjøre unntak fra første ledd for erverv av aksjer av eller for ansatte i selskapet eller i *selskap i samme konsern.*

§ 16-16 første ledd første og andre punktum skal lyde:

Når vilkårene i § 16-15 første ledd nr 1 til 4 er oppfylt, skal Foretaksregisteret *sende* selskapet varsel om dette. I tilfelle som nevnt i § 16-15 første ledd nr 5 *sendes* varsel av Regnskapsregisteret.

§ 16-17 første ledd skal lyde:

(1) *Er varsel til selskapet kunngjort etter § 16-16 annet ledd og selskapet har* oversittet fristen *i kunngjøringen,* skal Foretaksregisteret eller Regnskapsregisteret varsle tingretten om dette.

III

Lov 6. juni 2003 nr. 38 om bustadbyggjelag blir endra slik:

§ 10-15 første ledd første og andre punktum skal lyde:

Når vilkåra i § 10-14 første ledd nr. 1 til 3 er oppfylte, skal Føretaksregisteret *sende* laget varsel om det. I tilfelle som nemnde i § 10-14 første ledd nr. 4 skal *Rekneskapsregisteret sende varselet.*

§ 10-16 første ledd skal lyde:

(1) Er varsel til laget kunngjort etter § 10-15 andre ledd, og laget ikkje har retta tilhøvet innan fristen i kunngjeringa, skal Føretaksregisteret eller Rekneskapsregisteret varsle tingretten om dette.

IV

Lov 29. juni 2007 nr. 81 om samvirkeforetak blir endra slik:

§ 142 første ledd første og andre punktum skal lyde:

Når vilkåra i § 141 første ledd nr. 1 til 4 er oppfylte, skal Foretaksregisteret *sende* foretaket varsel om dette. I tilfelle som nemnt i § 141 første ledd nr. 5, skal Rekneskapsregisteret *sende* varselet.

§ 143 første ledd skal lyde:

(1) Er varsel til foretaket kunngjort etter § 142 andre ledd, og har foretaket ikkje halde fristen i kunngjeringa, skal Foretaksregisteret eller Rekneskapsregisteret varsle tingretten om dette.

V

Lova gjeld frå den tid Kongen fastset.